

Referat bygdautvalet 27.1.26

Møtte: Eivind, Grete, Inge. Inna prøvde å bli med over nett, og vart med over telefon. Hilde og Ivar Erlend melde forfall.

Innkomen sak: Arealplanen

Arealplanen er komen på avgrensa høyring til statsforvaltar, vegvesen og fylket. Grete har sett høyringsframlegget, og det ser ikkje ut som det er endringar i forhold til Fjærland.

Framlegg:

Me kallar inn bulystgruppa og har felles møte med dei om høyringsframlegget.

Bjarte på telefon informerer om at dette er ei avgrensa høyring, og at det ikkje er så mange som har høyringsrett.

Framlegget fell fordi me ikkje har høyringsrett.

Førebuing av komande møte, del 1: Bygdamøtet 5. februar

Sakslista er

1. Info frå Arnold-stiftinga
2. Alternativ til Facebook
3. Fjordviten

Grete tingar bygdahuset

Eivind bakar platekake

Inna bakar platekake.

Inge tingar frukt, kjeks og kaffi, og fraktar det bort.

Grete, Eivind og Inna kjem ca. 19:30 og set fram stolar. Ivar Erlend kjem dersom han er frisk.

Me må ha eit opptak frå møtet, og mikrofonar. Eivind fiksar det.

Grete skriv utkast til referat, og sender ut til resten av bygdautvalet. Me reinskriv det og legg det deretter ut på bygdalaget.fjerland.no.

Eivind er ordstyrar på møtet.

Førebuing av komande møte, del 2: Årsmøtet 24. februar

Sakene er vanlege årsmøtesaker, og det inkluderer

1. Årsmelding

Eivind skriv årsmelding. Inna sender arbeidslista frå årsmøtet i fjor.

2. Årsrekneskap

Bygdautvalet er informert om innhaldet i rekneskapen.

3. Val.

Inge er på val og tek ikkje attval. Han seier frå til valnemnda sjølv. Hilde er på val og er ikkje lenger fastbuande. Eivind tek ikkje attval i år, men kan koma att seinare.

Grete er på val, og bestemmer seg seinare. Ho må gje valnemnda beskjed, slik at dei får tid nok til å gjera jobben sin.

Valnemnda må òg finna nye medlemmer til valnemnda, men det treng ikkje vera nokon som går ut frå bygdautvalet.

Eivind melder frå til valnemnda om dette.

Same oppgåvefordeling som til bygdamøtet når det gjeld det praktiske.

Innkomen sak så langt, frå Bjarte: Korleis skal bygdautvalet få større innverknad i saker som gjeld Fjærland? Han føreslår jamne møtepunkt mellom politisk nivå i kommunen og bygdautvalet, og ein kommunal pott til næringsutvikling i Fjærland.

Diskusjon: Inna meiner at eit oppstartsmøte med det nye bygdautvalet kunne vore bra. Det må vera eit infomøte og ikkje oppgåvefordeling til bygdautvalet. Elles er dette ei sak som blir avgjort på årsmøtet.

Innkomen sak 2: Arealplanen. Det er 19 tomter tilgjengeleg i Fjærland under den nye arealplanen som skal vedtakast, og me får ikkje fleire dersom me ikkje greier å byggja ut dei me har. Det er opp til fjærlendingar å byggja på dei tomtene me allereie har. Bjarte informerer om dette på årsmøtet.